

Referat frå medlemsmøte i Time Pensjonistlag den 9. august 2023.

Møtet vart halde på Sivdamsenteret. Leiar ønskte alle dei 99 frammøtte velkommen. Deretter song me eit vers av Velkommen. Han orienterte og om at fellesparkeringa ved Rådhuset kan nyttas gratis etter kl. 15.

Robust treningscenter tilbyr medlemmer av Pensjonistlaget gratis prøvetid med tilrettelagd trening. For dei som vil trenast, kan dei også tilby gunstige vilkår

Sekretæren las opp referatet frå sist medlemsmøte.

Så introduserte leiar Oddvar Bilstad. Han heldt eit veldig innhaldsrikt og interessant foredrag om Bakken Gard og Lysefjorden. Foredraget var svært detaljrikt, og vart halde utan manus. Difor må referatet verta i grove trekk.

Den første som dreiv garden var Ola. Han gifta seg med Siri i 1772. Desse to budde fleire stader. Eit år budde dei truleg under ein hidler. Dei budde og ei tid i ei hytte på Urnes. Omsider flytta dei til Bakken gard. Det var i 1792. Der fekk han bygd ei løy. Då den var ferdig hogde han årstalet inn i veggen med øks.

Livet på garden var ingen dans på roser. Det måtte betalast til både biskop og eigar. Pengar ver det lite av, så det var ein kamp for tilværet kvar einaste dag. Barnlause var dei ikkje. Frå dei gifta seg og fram til 1795 hadde Siri født 13 barn. Ti av dei overlevde. Det vart sagt at armoda var like stor som ungflokken. Men det var nødvendig med mange barn, for arbeidskrafta var viktig.

Vidare fortalde Oddvar om alle dei seinare generasjonane. Han fortalde levande og morosamt, fortare enn ein sekretær kunne notera. Han var inno for gravferdsskikkar og anna interessant. Mellom anna var det ikkje enkelt å få koner langvegsfrå. Så konene måtte koma frå grannegardar. Det var og andre kriterier på ei god kone. Ho måtte kunna stå tidleg opp om morgonen, delta i alt arbeid på garden, laga mat og fø barn annakvart år.

Eg kan ikkje gå i detalj om alle generasjonane. Men alle hadde det til felles at dei dreiv ein gard dei ikkje åtte. Dei fekk mange barn, så slekta vart stor og spreidd vide omkring. Fleire reiste til Amerika.

Året 1803 var eit viktig år i Bakken gard si historie. Han som dreiv garden då, var Halvar. Han vart gift med ei jente som var bråvakker. Ho heitte Joren.

Desse bygde nytt heimehus som var 4,5 ganger 3 meter, altså 13.5 kvadratmeter. I dette huset vaks det opp 9 barn i tillegg til foreldra. Det var kyrkja som eigde jorda. Han som bonde, fekk lov å ha 3 kyr og 30 sauer eller geiter, og så kunne han hogga noko ved. Halvar dreiv garden godt. Så godt at han kunne kjøpa garden fri. Så neste eigar, sonen Ole var fri bonde. Han kjøpte i si tid mykje jord av garden Bratteli.

Den siste som dreiv garden, var Johannes. Han vart fødd dagen etter farmora si gravferd. Då var husa på garden fulle av folk etter gravferda.

Johannes dreiv garden saman med søstera Gjertrud. Begge hadde planar om å reisa til Amerika. Søstera hadde til og med fått billettar tilsendt frå slektningar. Johannes kjende seg plikta til å overta garden. Det seiest at han reiv sund billettane til søstera for å få henne med på gardsdrifta. Om dette er sant er ikkje stadfesta.

Desse dreiv godt. Dei bygde nytt hus, taubane og kai. Dei fekk til og med telefon.

Garden vart gitt til Forsand kommune i ca. år 2000. I dag disponerer Turistforeninga husa.

Etter dette takka leiar Oddvar for eit fantastisk interessant tilbakeblikk. Me hadde fått høyrte at forfedrane våre har hatt eit anna liv enn det me har hatt. Oddvar fekk velfortente blomar og stor applaus.

Så song me Vi vandrer med freidig mot.

Leira orienterte om nytt frå Pensjonistforbundet. Han orienterte om Bu trygt heime reforma.

Reforma har desse satsingsområda:

Levande lokalsamfunn som ivaretek aktivitet og fellesskap.

Tilpassa butilbod, og mulighet for å bu trygt i eigen heim lenger.

Kompetente medarbeidarar.

Tryggleik for brukarane og støtte til pårørande.

Etter dette var det tid for matøkt.

Me sog : Å du som metter liten fugl.

Det vart servert gode smørbrød frå Heine Grov i tillegg til heimelaga egg og sild smørbrød og amtmanninnekringle.

Etter maten song me : Dagen i dag.

Åresalet var som vanleg svært godt. Alle årene var selde. Det var lodda ut mange fine gevinstar.

Solveig orienterte kort om bussturen.

Som avslutning song me: Gje meg handa di ven.

Leiar takka alle som møtte. Takk også til alle andre som stiller opp.

Også takk til Kari som leiar songen på ein glimrande måte.

Neste møte er 13. september på Sivdamsenteret.

Då får me høyra om flyktningearbeidet i Time Kommune

Jens Malvin Nesse

Sekretær